

# Vedtekter for dei kommunale skulefritidsordningane i Bykle kommune.

**Vedtekne i kommunestyremøte 22.06.17 og gjeldande fra 01.08.17.**

## § 1 Formål

Skulefritidsordningane er eit tilrettelagt omsorgs- og fritidstilbod utanom den obligatoriske skuledagen for barn i 1. - 4. klasse, og for barn med særskilte behov i 1. – 7. klasse. Innhold og verksemd i skulefritidsordninga skal legge til rette for leik, kulturaktivitetar og sosial læring, med utgangspunkt i eleven sin alder, funksjonsnivå og interesse. SFO skal gje borna omsorg og tilsyn. Tilsynet skal vere forsvarleg i høve til risikoene for skade eller ulukker.

## § 2 Eigar

Bykle kommune eig og driv skulefritidsordningane. SFO vert drive etter Opplæringslova med forskrift, kommunale vedtak og planar for kvar skule.

## §3 Styring og leiing

1. Skulefritidsordninga er administrativt underlagt råmannen.
2. Kommunestyret er det ansvarlege styringsorganet på kommunenivå.
3. Rektor har det overordna administrative og pedagogiske ansvaret for ordninga.
4. Skulefritidsordninga skal ha eigen avdelingsansvarleg som har rektor som sin nærmeste overordna.
5. Samarbeidsutvalet kan handsame saker som gjeld SFO.
6. Ein av foreldra med barn i SFO møter i samarbeidsutvalet med tale- og forslagsrett.
7. Dersom ein ønskjer det, kan arbeidsutvalet på skulen (FAU) supplerast med den av foreldra frå SFO som møter i samarbeidsutvalet.
8. Dersom samarbeidsutvalet finn det ønskeleg, kan avdelingsansvarleg for skulefritidsordninga møte med talerett.

## §4 Opptak

Rektor, eller den han delegerer det til, har ansvaret for opptak av barn.

## §5 Opptaksriterier

Ein tek sikte på at alle barn i skulekrinsen som oppfyller vilkåra, får plass. Er det fleire søkjrar enn det er plassar, vert opptaket avgjort av rektor etter desse kriteria, i prioritert rekkefølje:

1. Barn som etter sakkunnig vurdering har særleg utbytte av plass i SFO.
2. Barn frå dei to lågaste klassetrinna
3. Einslege forsytarar som er yrkesaktive eller går på skule/studerer

4. Ein kan klage på vedtak. Fristen for å klage er tre veker frå det tidspunktet dei tok imot vedtaket. Klaga skal sendast til skulen som gjorde vedtaket. Dersom skulen held fast på vedtaket, sendast klaga vidare til Rådmannen.

## §6 Opptaksperiode

1. Hovudopptak vert gjennomført om våren.
2. Opptak kan og skje i løpet av skuleåret.
3. Viss det er plass, kan skulefritidsordninga ta imot barn for kortare periodar.
4. Alle barn skal ha 4 veker ferie i løpet av året. Tre av vekene skal takast ut som samanhengande ferie i skulen sin sommarferie. Siste frist for varsling av sommarferie er 1. mai.
5. Eleven har plassen til skulestart i 5. klasse, eller til ein seier opp.

## §7 Oppseiing

Oppseiingstida og fristen for endring av tilbodet er ein månad. Endringane gjeld frå den 1. i månaden.

Oppseiing/endring av plass i SFO skal vere skriftleg og leverast til tenesteleiar.

## §8 Foreldrebetaling

1. Det er kommunestyret som fastset betalingssatsar og retningsliner.
2. Foreldrebetalinga vert fordelt på 10 månader i året. Den 11. månaden betaler ein dagpris etter kor mange dagar barnet er påmeldt. Juli er betalingsfri.
3. Det blir gjeve søskemoderasjon med 50% når familien har andre barn i SFO. Moderasjonen blir også samordna med barnehagen.
4. Dei som ønskjer det, kan få eit kortare tilbod med redusert pris. Vi reknar full dag for alle dagar eleven skal vere i SFO og heil månad for dei månadane som SFO vert nytta.
5. Ved manglende foreldrebetaling vil eleven misse plassen etter tre månader.
6. Barna får eit måltid kvar dag inkludert i prisen.

## §9 Leike – og oppholdsareal

Skulefritidsordninga i kommunen har same uteområde som skulane. I Bykle er inneområdet i samfunnshuset, mens det på Hovden er ei eiga avdeling på Fjellgardane skule. Andre delar av skulen vert brukt etter behov. Det same gjeld i Bykle der både samfunnshus og skule kan brukast.

## §10 Dagleg oppholdstid og årleg opningstid

1. SFO har ope måndag til fredag frå klokka 06.45 – 16.00 i Bykle og 07.30 – 16.15 på Hovden, også i skulen sine feriar og fridagar.
2. Elevane kan ha redusert tilbod, men berre heile dagar.

3. Sfo-året startar første skuledag for elevane i august.
4. SFO er stengt dei to siste vekene i juli. I feriane kan SFO samarbeide med barnehagane viss ein treng det.
5. SFO er stengt tre planleggingsdagar kvart skuleår og jule- og nyttårsaftan.
6. SFO stenger klokka 12.00 onsdag før skjærtorsdag.

## §10 Personale

1. Det skal som eit minimum vere to tilsette i SFO.  
Personalet vert utvida med ein assistent når det er påmeldt meir enn 18 barn, og ein assistent når det er over 30 barn.
2. Viss talet på barn kjem over 30 kan det tilsetjast 1 person til.
3. Det kan tilsetjast ekstra personell for barn med særskilde behov etter sakkunnig vurdering.
4. Personalet skal ha 5 dagar (37,5 timer) planleggingstid kvart år. Tre av dagane skal takast ut som heile dagar.

## §12 Teieplikt

Tilsette i SFO har teieplikt etter reglane i forvaltningslova §§ 13-13f.

## §13 Politiattest

Den som vert tilsett i SFO må leggje fram gyldig politiattest.

## §14 Forsikring

Borna på SFO er forsikra på same måten som elevane i grunnskulen.

Vedtekne i kommunestyremøte 22.06.17. Korrigert § 8-2 og 8-3 etter budsjettvedtak i kommunestyremøte 29.11.18.